



Deltakarane i fotokurset på Gamleskolen første kurskvelden. Bak frå venstre står lærar Ivar Langeland, Nils Nåsen, Eva Berntsen, Ann Christin Huke, Knut Myklebust, Aud Karin Løvfall, Goifred Bakke og lærar Atle Helland. Foran sit, frå venstre, Svanhild Haugland, Ann Mari Kristoffersen, Julie Myklebust og Klara Bakke. Kursdeltakar Tormod Myklebust var ikkje til stades då biletet vart teke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fotografering er Norges største hobby og har fått ein fantastisk vind i segla i dei seinare år på grunn av den tekniske utviklinga. 85 prosent av nordmennene tok bilete siste året og 75 prosent har no digitale kamera.

Difor er det ikkje til å undre seg over at den digitale feberer har spreidd seg også til Uskedalen.

Også mange av uskedalingane fekk tydelegvis digitale kamera til jul og no gjeld det å suga inn kunnskap om korleis ein skal handtera dei. Difor vart fotokurs nummer ein i Gamleskolen fort fullteikna med 12 deltakarar og det er no berre nokre få ledige plassar att på fotokurs nummer to.



"Tre på Ulvanåso" var eit av mange fine bilete teke av Atle Helland som vart presentert under kurs-starten.

Det første kurset starta torsdag kveld, held fram laurdag og blir runda av måndag medan nummer to skal avviklast 6., 8. og 10. mars. Inspirerende og kunnskapsrike lærarar er Atle Helland og Ivar Langeland, men det er Uskedalen Utvikling som står som initiativtakar og tilskipar i eige hus – Gamleskolen.

Atle og Ivar, som brukar halve arbeidstida si på foto og den andre halvparten på Valen, har halde fem slike kurs rundt om i Kvinnherad på halvtanna år, men interessa er klart aukande. Også på Halsnøy raser digitalfeberer, for der er både eit kurs neste helg og eit siste helga i mars fullteikna.

Dei 11 som overvar dei første tre av tilsaman 13 kurstimar i Gamleskolen verka tilfredse så langt sjølv om det var ein del litt tung teori denne kvelden.

Det er viktig og interesssant å veta kva som gøymmer seg bak omgrep som lukkar og blendar sjølv om ein kan klare seg langt med berre å trykka på utløysaren.

Men enda viktigare er det å veta korleis ein skal komponera gode bilete og Helland hadde svært mykje spanande og god kunnskap å formidla i så måte. Han har det blikk for dei enkle, men slående motiv som dei

flESTE saknar.

Laurdag skal deltakarane læra meir mellom anna om portrettfotografering før dei dreg ut i naturen, truleg til Fjellandsbø. "Fangsten" blir lagt inn på pc og måndag arbeider dei vidare med bileta i fotoshop. Det er utruleg kva ein på dette stadiet kan gjera ut av bilete som ein trur er mislukka. Her opnar det seg eigentleg ei heilt ny verd for dei som er vane med og så langt har halde seg til "gammaldags" fotografering.

Av Ola Matti Mathisen



Ivar Langeland forklarar Ann Christin Huke ein teknisk detalj ved hjelp av eit "gammaldags" fotoapparat. (Foto: Ola Matti Mathisen)